

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Såmannssøndagen – 24.januar 2016

Preiketekst: Matt 13,24-30

Lesetekst I: Matt 13,24-30

Lesetekst II: 2 Tim 1,1-5; 3,14-17

Ugraset i kveita

Kor kjem all vondskapen frå? Det er eit av denne søndagens tema i likninga om bonden som sådde godt frø i åkeren sin.

Det er fleire som sår

«Herre, sådde du ikkje godt korn i åkeren din? Kvar kjem då ugraset frå?» «Det har ein fiende gjort.» Det finst ein fiende, som også sår. Der det gode blir sådd, der sår også fienden. Og ugraset gror godt, dessverre. Og da er det freistande å gå til aksjon for å fjerna alt dette vonde som ikkje skal vera der. Men Herren motsett seg det. Ugraset skal veksa sammen med kveita til hausten kjem og dommens dag. Da skal dei skiljast.

Dette er tydeleg ei likning om menneske og himmelriket. Vonde og gode menneske, falske og ekte kristne, sann og vrang lære. Skal vi ikkje ta oppgjerd med vranglære i kyrkje og menighet? Skal vi ikkje bry oss om rett lære og liv i kyrkje og forsamlingar? Er det ikkje slik at Guds kyrkje er der Guds ord blir forkynt klart og reint og sakramenta forvalta rett?

Ja, men også der er ugraset. Reine nattverdbord, som var eit ideal i visse kretsar, og ei bibeltru forsamling, er ein utopi, så lenge vi enno lever med synda og i verda, og ventar på dommens dag.

Vi skal ikkje dømma og kan ikkje skilja. Og vi ser heller ikkje inn i hjarto.

Ignorere?

Likevel, vi kan ikkje ignorera at ugraset, som den vonde har sådd, skaper strid og splid, også i Guds kyrkje. Paulus seier at tåpelege stridsspørsmål skal vi venda oss ifrå, strid og krangel skal vi snu ryggen til (Titus 3), men like fullt seier han: «*Ein vranglærer skal du tala til rette både ein gong og to gonger, og så visa han frå deg. For du veit at eit slikt menneske er på avvegjar. Han syndar og har dømt seg sjølv.*»

Korleis skal ein stilla seg til dette i den langvarige og vanskelege striden om lærespørsmål i kyrkja i dag? Skal ein snu ryggen til og forlate skuta, som mange gjer? Eller skal ein ta eit kraftig oppgjerd med vranglære og visa dei frå seg?

Det er vel i alle fall viktig at dersom ein let ugraset veksa sammen med det gode kornet, som vel er Guds sanne ord, så må ein passa på så ikkje ugraset kveler kveita, den gode grøda.

Jesus har sjølv tolka denne likninga, og han seier klårt at fienden som sådde ugraset, er djevelen, og åkeren er verda. Det gode kornet er dei som er born av riket, ugraset er borna til den vonde.

Klårt skilje

Her er det eit klårt skilje og ein dom og ei fortaping.

Det som likevel har vore hovедtemaet for denne dagen, er Guds ord som såkornet. Likninga står i ein sammenheng av fleire likningar som handlar om Guds rike og om Guds ord som såkorn. Og lesetekstene framhever kor viktig det er å ta vare på ordet og gje det vidare til nye slekter og generasjonar, så det kan spira og bera frukt.

Bibeldagen

Dagen er også kalla Bibeldagen, og det har vore vanleg at den har stått i bibelmisjonens teikn, med ofringar til Bibelselskapet. Enkelte har brukt gudstenesta til å strø ut lappar med bibelord til kyrkjelyden. Det er også viktig å fokusera på at ordet må bli sådd ved trusopplæring og søndagsskule og barnarbeid. Men ikkje minst i heimen, slik Timoteus fekk kjenna dei heilage skriftene ved si mor og bestemor, som Paulus nemner i første kap i 2. Tim, og han seier vidare: *«Men hald du fast på det du har lært og er overtydd om; du veit kven du har lært det av. Og heilt frå du var eit lite barn, har du kjent dei heilage skriftene, som kan gje deg visdom til frelse ved trua på Kristus Jesus.»* (kap 3)

Mulighet og kamp

Det er viktig å fokusera på dei store mulighetene det ligg i å gje Guds ord og bibelforteljingane til borna, men det er trist og sørgeleg når andre prøver å påvirka borna til ikkje å tru, og sår tvil i barnesinnet, prøver å hindra at skuleborna får samlast til skulegudstenester etc. Og at såkalla «nøytralitet» stengjer for forkynning for dei som veks opp. Da er det nok ein som ikkje er nøytral, som kjem og sår ugras.

Einy Rendal Elgsæther

Tidl. misjonær i India (Santalmisjonen). Forfatter, redaktør, prestevikar.

einyre@gmail.com